

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 22.08.2005
 Sakbehandlar: Anne May S. Sønstabø og Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 31. JULI 2005

Styresak 073/05 B

Styremøte 06.09. 2005

Bakgrunn

Månadsrapporten er laga med utgangspunkt i helseføretaka si tilbakerapportering til Helse Vest RHF pr. 31. juli. Av dei endringane som kom i samband med revidert nasjonalbudsjett er det førebels berre ny DRG-pris som er innarbeida i helseføretaka sine rekneskap. Andre endringar som følgjer av revidert nasjonalbudsjett vil bli lagt inn etter at vedtak er gjort i sak 74/05 B og nødvendige endringar vil bli gjort i budsjetta fram mot neste månadsrapportering.

I julirapporteringa er balanse og kontantstraumanalyse utelete. Rapporteringa pr. august vil vera komplett med både resultat, balanse og kontantstraumanalyse.

Kommentarar

I rapporteringa er det to resultatdefinisjonar som går igjen: "Resultat" og "Resultat justert for meiravskrivningar". Under følgjer ei forklaring som klargjer kva som ligg i "Resultat justert for meiravskrivningar".

I opningsbalansen til helseføretaka står anleggsmiddel bokført til gjenanskaffelseskost. Dei rekneskapsmessige avskrivningane er høgare enn det tilskotet helseføretaka har fått i inntektsramma for å finansierte avskrivningar. Årsaka til dette avviket ligg i følgjande forhold:

- Den rekneskapsmessig verdsettinga av opningsbalansen er høgare enn det Stortinget la til grunn i samband med budsjettbehandlinga.
- Anleggsmidla skal i medhald av rekneskapslova avskrivast over den resterande økonomiske levetida. Avskrivningstid i følgje rekneskapslova er kortare enn det som vart lagt til grunn i budsjettbehandlinga i Stortinget.

I samband med resultatmåling og oppfølging av balansekravet blir det derfor gjort ein korreksjon for meiravskrivningar som skuldast følgjande forhold:

- auka avskrivningar som følgje av rekneskapsmessig verdsetting av anleggsmiddel
- auka avskrivningar som følgje av kortare levetid
- avskrivningar på investeringar gjort i perioden etter 1/1-2002

Det er resultat justert for desse meiravskrivingane som vil bli kommentert i økonomirapporteringa til styret og som ligg til grunn for balansekravet.

1. RESULTAT FOR KONSERNET

Økonomirapportering pr. JULI 2005

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT JULI						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivingar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-48,3	-19,5	-28,9	43,2	-5,2	-55,0	49,8
Helse Fonna HF	-53,3	-30,7	-22,5	43,2	-10,1	-35,3	25,2
Helse Bergen HF	-186,9	-165,7	-21,2	87,2	-99,7	-200,6	100,9
Helse Førde HF	-56,5	-18,1	-38,4	39,7	-16,8	-13,4	-3,4
Apoteka Vest HF	1,4	-0,6	1,9		1,4	2,7	-1,3
Kjøp av helsetenester	25,7	39,1	-13,4		25,7	20,0	5,7
Helse Vest RHF	-27,6	-37,6	10,0		-27,6	-21,0	-6,6
Sum føretaksgruppa	-345,5	-233,0	-112,5	213,2	-132,3	-302,6	170,3

Samla for føretaksgruppa er det pr. juli eit negativt resultatavvik målt mot budsjett på kr 112,5 mill. Alle helseføretaka har no negative resultatavvik. Helse Stavanger har eit negativt avvik mot budsjett på kr 28,9 mill, Helse Fonna eit avvik på kr 22,5 mill, Helse Bergen kr 21,2 mill. Helse Førde har det største avviket på kr 38,4 mill. På kjøp av helsetenester er det eit negativt avvik på kr 13,4 mill medan Helse Vest RHF har eit positivt avvik på kr 10 mill.

Førre styrerapport var april rapporten. Dersom vi samanliknar resultata pr. juli med april ser vi at Helse Stavanger har omlag uendra avvik mot budsjett. Helse Fonna har forverra resultatavviket med ytterlegare kr 6,5 mill, Helse Bergen har òg auka budsjettavviket frå kr -6,4 til kr -21,2 mill og Helse Førde har auka det negative avviket med kr 14,1 mill. Denne utviklinga ser vi trass i at helseføretaka har lagt til grunn ny DRG-pris og at dette pr. juli gir eit positivt bidrag til resultatet på kr 25,1 mill.

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-73,8	-73,8	-194,3	0,0	120,5
Helse Fonna HF	-68,5	-66,4	-98,8	-2,1	30,3
Helse Bergen HF	-350,1	-315,1	-495,3	-35,0	145,2
Helse Førde HF	-92,3	-84,2	-109,8	-8,1	17,5
Apoteka Vest HF	-6,0	0	-2,3	-6,0	-3,7
Kjøp av helsetenester	162,1	162,1	58,0	0,0	104,1
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-42,2	0,0	-22,9
Sum føretaksgruppa	-493,8	-442,6	-884,7	-51,2	391,0
Meiravskrivingar	445,0	445,0	354		91,0
Resultat justert for meiravskr.	-48,8	2,4	-530,7	-51,2	482,0

Prognose

I Helse Stavanger si prognose for året er det føresett at budsjettmålet for 2005 vil verta nådd og at dei budsjettavvika som er må verta lukka gjennom lokale tiltak der budsjettavvika oppstår. Avvika er tatt med den enkelte klinikk med sikte på å finne dekning. Prognosen til Helse Stavanger er ein såkalla målsett prognose og er eit uttrykk for at det no vert arbeidd hardt internt for å redusera budsjettavvika. Med bakgrunn i det resultatet ein ser pr. juli er det grunn til å peike på at prognosen er høgst usikker.

I prognosen til Helse Fonna er det tatt omsyn til prisjusteringa for ISF med kr 6,6 mill. Inklusiv denne prisauken reknar Helse Fonna med å ha eit positivt resultat på inntektene ved utgangen av året på kr 5,4 mill. På den andre sida har Helse Fonna estimert ein kostnadsvekst på kr 7,5 mill utover budsjett. Dette gir eit prognostisert resultatavvik på kr 2,1 mill for heile året.

Helse Bergen melder i årsprognosen om eit resultat som vil kunne bli kr 30 – 40 mill dårlegare enn budsjettert. Avviket er samansett av fleire forhold. Hovudårsaka er endra rekneskapsføring av ein del byggeprosjekt. Om lag kr 20 mill av det som er budsjettert som investering må no førast som kostnad. Dette er innskjerping av tidlegare praksis. I tillegg har Helse Bergen fått påbod frå Helsetilsynet om å framskunda oppstart av ein del tiltak innan psykiatrien. Dette gir føretaket eit negativt budsjettavvik på kr 6-8 mill. For fleire detaljar om dette sjå punkt 2.4.1.

Helse Førde legg fram ein prognose som tilseier eit negativt avvik i høve til budsjettert resultat på kr 8,1 mill. Hovudårsaka ligg i at lønskostnadene vil verta høgare enn budsjettert som følgje av at ikkje alle tiltaka let seg gjennomføre som planlagt dette året. For fleire detaljar sjå punkt 2.5.1.

Apoteka Vest legg fram ein prognose med eit negativt avvik for året på kr 6 mill sett opp mot budsjett. Årsaka til dette ligg i at den nye prisingsmodellen har vist seg å gi lågare inntekter for Apoteka Vest. Apoteka Vest har bedt om forhandlingar med helseføretaka, og desse er enno ikkje avslutta. Dersom det blir endringar i prisingsmodellen som gir Apoteka Vest høgare inntekter vil dette på den andre sida bety auka kostnader for dei andre helseføretaka i konsernet.

2. RESULTAT FOR VERKSEMDENE

2.1 Generelt

Helseføretaka har lagt til grunn ny DRG-pris på kr 30 714,- som kom i samband med revidert nasjonalbudsjett. Endringa i ny DRG-pris har pr. 31. juli gitt helseføretaka følgjande inntektsauke:

Helse Stavanger	kr 7,4 mill
Helse Fonna	kr 3,7 mill
Helse Bergen	kr 11,1 mill
Helse Førde	kr 2,9 mill
SUM	kr 25,1 mill

Helse Bergen har lagt inn effekten av endra DRG-pris på juli og dette gir difor eit relativt sett betre resultat for juli månad i Helse Bergen medan dei tre andre føretaka har lagt dette inn med effekt i juni. For det akkumulerte resultatet pr. juli har dette likevel ingen ting å seie.

2.2 Helse Stavanger HF

2.2.1 Resultat

Samandragrapport pr.: JULI 2005

REKNESKAPSDATA									
	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	147 936	8,8 %	137 721	8,3 %	131 437	8,7 %	233 556	233 556	0
ISF	583 290	34,6 %	578 935	34,7 %	351 593	23,2 %	997 455	997 455	0
Rammetilskot	901 625	53,5 %	902 432	54,2 %	982 016	64,8 %	1 556 978	1 556 978	0
Andre inntekter	52 051	3,1 %	47 087	2,8 %	49 458	3,3 %	82 275	82 275	0
Sum driftsinntekter	1 684 902	100,0 %	1 666 175	100,0 %	1 514 504	100,0 %	2 870 264	2 870 264	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	204 337	12,1 %	187 277	11,2 %	192 208	12,7 %	336 330	336 330	0
Løns- og personalkostnader	1 181 188	70,1 %	1 168 136	70,1 %	1 114 017	73,6 %	2 040 513	2 040 513	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	302 187	17,9 %	284 979	17,1 %	261 886	17,3 %	478 596	478 596	0
Sum driftsutgifter	1 687 712	100,2 %	1 640 392	98,5 %	1 568 111	103,5 %	2 855 439	2 855 439	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-2 810	-0,2 %	25 783	1,5 %	-53 607	0	14 825	14 825	0
Netto finans	-2 367		-2 100		-1 345		-3 600	-3 600	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-5 177		23 683		-54 952	0	11 225	11 225	0
- Meiravskrivning	43 167		43 167		43 167		85 000	85 000	0
Resultat	-48 344	0	-19 484	0	-98 119	0	-73 775	-73 775	0

1) Inntektsfordeling i % av totale driftsinntekter

2) Kostnader i % av driftsinntekter. Tallet gir et uttrykk for relativ kostnadsbruk i forhold omsetningen (kostnadseffektivitet)

Helse Stavanger har pr. juli eit resultatavvik mot budsjett på kr 28,9 mill. På inntektssida er det eit positivt avvik på kr 18,7 mill (1,1 %) medan kostnadssida har eit negativt avvik på kr 47,3 mill (2,9 %). ISF-inntektene er kr 4,3 mill (0,8 %) høgare enn budsjettert. Sjølv produksjonen ligg likevel i underkant av planen, men dette blir kompensert av den auka ISF-prisen. Aktiviteten på poliklinikkane er høgare enn planlagt og dette viser igjen på inntektene som er kr 10,2 mill høgare enn budsjettert.

I høve til tabellen over ligg det største avviket i kroner på kostnadssida på gruppa andre driftskostnader. Her er det eit negativt avvik på kr 17,2 mill. Dette utgjer 6 % av budsjetterte andre driftskostnader. Hovudforklaringa til avviket er avskrivningar som er kr 10,5 mill høgare enn budsjettert og meirkostnader til sjuketransport på kr 4,8 mill. Dette har samanheng med at midlar til sjuketransport vart fordelt til HF'a på bakgrunn av prognosen som HF'a gav i oktober. Rekneskapen til Helse Stavanger for 2004 viser ein kostnad som var 3,6 mill høgare enn prognosen. Kr 2,5 mill av dette er ført på 2005 og gjer at Helse Stavanger får eit avvik mot budsjett.

Løns- og personalkostnader har totalt eit negativt avvik på kr 13,1 mill (1,1 %). Nærare analyse av denne kostnadsgruppa viser at kostnader forbunde med overtid og ekstrahjelp har eit negativt avvik på kr 22,2 mill (15,5 %). Av dette skuldast kr 5,5 mill på løpne feriepengar. Kr 4,2 mill er løn på kveldspoliklinikkar som ikkje er bruttobudsjettert. Kr 4,1 mill skuldast overtid i samband med sjukefråvær og kr 1,5 mill skuldast overtid pga. ferie. Kr 3,1 mill av overtidsavviket skuldast pressa situasjon på sengeposter. I juli

isolert sett har Helse Stavanger eit positivt budsjettavvik på løn på kr 7,9 mill. Kr 3,3 mill av dette skuldast korrigert periodisering av lønsbudsjettet.

2.2.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap -05	Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	24 365	25 034	-669	100 700	43 315	43 315	0
Dagkirurgi/dagbeh.	16 170	16 494	-324	15 505	28 906	28 906	0
DRG-poeng	31 631	31 819	-188	29 994	54 822	54 822	0
Pol. konsultasjonar	106 629	103 481	3 148	100 700	185 476	180 000	5 476
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	54 717	62 178	-7 461	60 742	106 590	106 590	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	9 197	11 900	-2 703	16 199	20 400	20 400	0
Pol. konsultasjonar	40 099	34 735	5 364	30 132	59 545	59 545	0

Helse Stavanger ligg 188 DRG poeng under planlagt nivå. DRG produksjonen har likevel tatt seg opp utover året, og er nå på 0,72 % under plan. På poliklinikk ligg Helse Stavanger 5 % over plan. Når det gjeld psykiatrien, er plan 2005 litt lågare enn produksjonen på døgnbehandling og all vekst i høve til opptrappingsplan er lagt på poliklinikk. Dette grunna ei dreining mot poliklinisk behandling.

2.3 Helse Fonna HF

2.3.1 Resultat

Samandragsrapport pr.: JULI 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	63 477	6,9 %	62 199	6,7 %	59 583	6,8 %	114 000	112 133	1 867
ISF	295 087	32,0 %	300 835	32,5 %	185 817	21,3 %	525 991	523 598	2 393
Rammetilskot	533 487	57,9 %	533 768	57,7 %	598 304	68,5 %	935 504	935 504	0
Andre inntekter	29 420	3,2 %	28 579	3,1 %	29 450	3,4 %	50 500	49 400	1 100
Sum driftsinntekter	921 471	100,0 %	925 381	100,0 %	873 154	100,0 %	1 625 995	1 620 635	5 360
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	96 910	10,5 %	90 182	9,7 %	93 053	10,7 %	158 685	157 594	1 091
Løns- og personalkostnader	670 078	72,7 %	658 017	71,1 %	651 988	74,7 %	1 162 794	1 153 429	9 365
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	164 118	17,8 %	164 261	17,8 %	164 016	18,8 %	298 051	301 051	-3 000
Sum driftsutgifter	931 106	101,0 %	912 460	98,6 %	909 057	104,1 %	1 619 530	1 612 074	7 456
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-9 635	-1,0 %	12 921	1,4 %	-35 903	-4,1 %	6 465	8 561	-2 096
Netto finans	-492		-500		554		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-10 127		12 421		-35 349	0	5 465	7 561	-2 096
- Meiravskrivning	43 169		43 169		43 169		74 000	74 000	0
Resultat	-53 296	0	-30 748	0	-78 518	0	-68 535	-66 439	-2 096

1) Inntektsfordeling i % av totale driftsinntekter

2) Kostnader i % av driftsinntekter. Tallet gir et uttrykk for relativ kostnadsbruk i forhold omsetningen (kostnadseffektivitet)

Helse Fonna har eit negativt resultat mot budsjett på kr 22,5 mill. Inntektssida har eit negativt avvik på kr 3,9 mill medan det på kostnadssida er eit negativt avvik på kr 18,6 mill. Helse Fonna har eit positivt inntektsavvik på poliklinisk aktivitet på kr 1,3 mill. Årsaka til auken ligg i all hovudsak på høgare aktivitet på lab og røntgen. Talet på sjukehusopphald og dagbehandling er òg over budsjett. Talet på DRG poeng og dermed ISF-inntektene ligg likevel etter budsjett som følgje av at DRG-indeksen ikkje er som føreset. Pr. juli ligg Helse Fonna 526 poeng etter budsjett. Slik det ser ut no har ikkje Helse Fonna potensiale til å nå budsjettføresetnaden på 2 % kodeforbetring. I og med at prisen vart auka i samband med revidert nasjonalbudsjett, reknar likevel Helse Fonna med at budsjettføresetnaden på ISF-inntektene vil verta innfridd. Pr. juli er det likevel eit negativt avvik på ISF-inntektene på kr 5,7 mill.

Juli måned har isolert sett gitt Helse Fonna ein kostnadsvekst utover budsjett på kr 5,2 mill. Varekostnader har eit akkumulert negativt avvik på kr 6,7 mill. Kr 0,5 mill av dette er relatert til behandlingshjelpemiddel medan det resterande skuldast meirforbruk av medisinske forbruksvarer. Budsjettet for varekostnadene vart budsjettert stramt i 2005 under føresetnad av at fleire avtalar skulle reforhandlast og gi effekt i form av lågare prisar. Dette har så langt ikkje vist resultat. Helse Fonna vil vurdere grundig moglege konsekvensar som dette kan få for heile året og søka å finna løysingar som kan dempa denne utviklinga.

På løns- og personalkostnader er det eit negativt avvik på kr 12,1 mill. Isolert for juli måned er det ikkje avvik på denne posten. Det viser seg at det framleis blir brukt for mykje variabel løn. Tiltak som skal dempa denne utviklinga har hittil ikkje gitt tilstrekkeleg effekt, noko som vil få stor fokus i komande månader. Alternative tiltak må no vurderast.

Andre driftskostnader har i juli eit negativt avvik på 3,7 mill, mens det akkumulert pr. juli er eit negativt avvik på kr 4,5 mill. Årsaka til avviket er i stor grad periodisering. I tillegg har Helse Fonna no eit stort forbruk på sjuketransport som har auka i både juni og juli måned. Helse Fonna rapporterer å ha liten moglegheit til å påverke kostnadene til sjuketransport, men utover desse kostnadene vil ein styra andre driftskostnader i tråd med budsjett for resten av året. Eit positivt avvik på ordinære avskrivingar på kr 4,6 mill gjer at andre driftskostnader ekskl. meiravskrivingar samla ikkje viser noko avvik pr. juli.

Helse Fonna har eit positivt avvik på avskrivingane. Det er gjort ei ny kalkulering på årlege avskrivingar og berekninga viser at det positive avviket hittil er reelt i forhold til anleggsformuen. Endringa i forhold til budsjett skuldast endring i anleggsformuen, dekomponering anlegg og seinare aktivering av enkeltprosjekt enn planlagt.

Helse Fonna sin risiko i budsjettet er no primært relatert til kostnadssida. Det gjeld først og fremst på løn men også varekostnadene har auka sterkt dei siste månadene. Den sterke auken på andre driftskostnader er relatert til sjuketransport og periodisering. Helse Fonna er i prosess med nye tiltak for å få kontroll på kostnadene.

Det er framleis risiko på inntektssida relatert til ISF og volum. Dersom ein tar omsyn til prisauken som no er justert i revidert budsjett ser det likevel ut til at budsjettføresetnaden i kroner vil verta nådd.

I prognosen til Helse Fonna er det tatt omsyn til prisjusteringa for ISF med kr 6,6 mill. Inklusiv denne prisauken reknar ein med å ha eit positivt resultat på totale driftsinntekter ved utgangen av året. Helse Fonna har estimert dette til kr 5,4 mill. Likeeins har ein estimert ein kostnadsvekst med kr 7,5 mill. Her ligg det ein føresetnad om at ein klarer å bremse den utviklinga ein har sett med store avvik på bruk av overtid og vikarar og at avviket held seg uendra samanlikna med juli måned. For å klare dette er det no halde interne møter der det igjen er sett fokus på bruk av overtid og vikarar og det er sett i verk tiltak. Samla sett viser prognosen til Helse Fonna eit resultat som er kr 2,1 mill dårlegare enn budsjettert.

2.3.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	14 749	14 668	81	25 404	25 404	0
Dagkirurgi/dagbeh.	7 184	7 129	55	12 534	12 534	0
DRG-poeng	16 008	16 534	-526	28 537	28 777	-240
Pol. konsultasjoner	49 685	51 309	-1 624	91 450	91 450	0
Psykatri						
Antall oppholdsdøgn	40 954	46 101	-5 147	72 813	78 568	-5 755
Oppholdsdager, dagpasienter	3 656	4 314	-658	7 000	7 700	-700
Pol. konsultasjoner	20 777	19 789	988	36 600	34 700	1 900

Innan somatikk ligg både behandling av inneliggjande pasientar og dagbehandling noko over plantalet pr utgangen av juli. Helse Fonna har på den andre sida eit negativ avvik på DRG-produksjon på 526 DRG-poeng. Dette skuldast at Helse Fonna har ein lågare DRG-indeks enn tilsvarande periode i fjor, samt at tiltak med tanke på kodeforbetring ikkje har hatt den føresette effekten. Den polikliniske produksjonen viser ein svikt på ca. 3,2 %. Dette skuldast delvis mangel på legeressursar samt ei vridning og prioritering av behandling av inneliggjande og dagkirurgiske pasientar.

Innan psykiatri viser talet på opphaldsdagar for inneliggjande pasientar ein kraftig reduksjon i høve til plantala. Dette skuldast i all hovudsak omstruktureringar innan vaksenpsykiatri og nedlegging av psykiatriske sentra. Dette er i samsvar med den vedtekne opptrappingsplanen for psykiatri. Poliklinikktala er så og seie i samsvar med budsjett og ein vil på dette område kunna oppnå det budsjetterte nivået.

Talet på opphaldsdagar for inneliggjande pasientar innan barne- og ungdomspsykiatri viser òg ein svikt. Dette har mellom anna sin årsak i manglande behandlingsressursar. Denne utviklinga vil no snu i og med at ein har fått 4 nye senger innan barne- og ungdomspsykiatri ved Stord DPS.

Poliklinisk aktivitet innan barne- og ungdomspsykiatrien viser ein sterk auke i forhold til budsjett. Dette skuldast ei sterk prioritering av tiltak for å redusere ventelistene for tilvisingar til barne- og ungdomspsykiatrien.

2.4 Helse Bergen HF

2.4.1 Resultat

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år		2004		Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	247 128	8,5 %	242 443	8,5 %	230 976	8,6 %	424 081
ISF	902 789	31,2 %	893 922	31,3 %	532 624	19,9 %	1 576 439
Rammetilskot	1 624 549	56,1 %	1 614 493	56,6 %	1 788 129	66,7 %	2 785 199
Andre inntekter	119 527	4,1 %	103 793	3,6 %	129 672	4,8 %	176 038
Sum driftsinntekter	2 893 993	100,0 %	2 854 651	100,0 %	2 681 402	100 %	4 961 756
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett
Varekostnader	477 196	16,5 %	457 674	16,0 %	430 132	16,0 %	808 313
Løns- og personalkostnader	2 026 572	70,0 %	2 004 868	70,2 %	1 971 040	73,5 %	3 519 552
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	483 652	16,7 %	465 319	16,3 %	480 700	17,9 %	756 005
Sum driftsutgifter	2 987 419	103,2 %	2 927 861	102,6 %	2 881 872	107,5 %	5 083 870
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-93 426	-3,2 %	-73 209	-2,6 %	-200 471	-7,5 %	-122 114
Netto finans	-6 232		-5 251		367		-9 002
Ekstraordinære postar	0		0		0		0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-99 659		-78 460		-200 104	0	-131 116
- Meiravskrivning	87 200		87 200		87 200		219 000
Resultat	-186 859	0	-165 660	0	-287 304	0	-350 116

1) Inntektsfordeling i % av totale driftsinntekter

2) Kostnader i % av driftsinntekter. Tallet gir et uttrykk for relativ kostnadsbruk i høve til omsetjing (kostnadseffektivitet)

Helse Bergen har pr. juli eit negativt resultatavvik mot budsjett på kr 21,2 mill. På inntektssida er det eit positivt avvik på kr 39,3 mill, dvs. 1,4 %. Kostnadene har eit negativt avvik på kr 59,6 mill, dvs. 2 %.

Det positive avviket på inntektssida kjem mellom anna av den auka ISF-prisen. Dersom vi ser på DRG-produksjonen isolert, ligg Helse Bergen 319 DRG-poeng etter planen. Auken i pris gjer at Helse Bergen likevel får eit positivt inntektsavvik. Også dei polikliniske inntektene er høgare enn budsjettert. Det positive avviket på kr 4,7 mill (1,9 %) skuldast auka aktivitet. På andre inntekter er det eit positivt avvik på kr 15,7 mill. Dette heng saman med ein del ikkje-budsjettert aktivitet som på den andre sida blir utlikna av tilsvarande kostnadsavvik. Dette gjeld m.a. ordninga med utanlandsbehandling som blir administrert av Helse Bergen på vegne av RHF'et.

På kostnadssida har Helse Bergen eit negativt avvik på bruk av overtid og ekstrahjelp på kr 35,8 mill (58 %). Dette må bli sett i samanheng med det positive avviket på fast løn då det er eit positivt avvik på refusjon av sjukepengar som er klassifisert under fast løn. Det positive avviket på fast løn på kr 18,2 mill (1 %) gjer at samla avvik på løn blir på minus kr 21,7 mill, dvs. 1,1 %. Mykje av meirforbruket er knytt til sjukehusavdelingane i voksenpsykiatrien.

Varekostnadene til Helse Bergen ligg kr 19,5 mill over budsjettert nivå. Av dette gjeld kr 8 mill kjøp av helsetenester i utlandet. Det resterande skuldast eit overforbruk samanlikna med budsjett på forbruk av medikament, implantat og medisinske forbruksvarer. Noko kan knytast til forbruk av implantat med tilhøyrande refusjon på inntektssida, og noko skuldast meirforbruk knytt til behandlingshjelpemiddel, endring i pasientmiks og behandlingsregime.

Andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 18,3 mill. Kr 7,8 mill skuldast kostnadsførte ombyggingar som er budsjettert som investeringar. Dette er ei innskjerping av tidlegare praksis. Det resterande avviket må bli sett i samanheng med det positive avviket på inntektssida.

2.4.2 Produksjon

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	59 587	58 377	1 210	56 147	103 920	101 945	1 975
Dagkirurgi/dagbeh.	22 476	24 977	-2 501	19 201	39 238	37 301	1 937
DRG-poeng	47 958	48 277	-319	46 333	82 643	84 122	-1 479
Pol. konsultasjonar	165 014	154 079	10 935	154 079	282 881	282 881	0
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	76 069	69 889	6 180	79 345	129 821	121 959	7 862
Opphaldsdagar, dagpasientar	7 089	6 892	197	7 222	12 010	12 401	-391
Pol. konsultasjonar	39 839	45 637	-5 798	27 991	75 800	83 203	-7 403

Aktiviteten målt i sjukehusopphald er 2,1 % høgare enn planlagt. Veksten i sjukehusopphald er størst innan dagopphald (som har låg DRG-vekt). DRG-indeksen i Helse Bergen er likevel framleis lågare enn planlagt, noko som gir seg utslag i at det trass i høg aktivitet målt i sjukehusopphald er produsert 319 færre DRG poeng enn planlagt.

Talet på opphaldsdøgn innan psykiatri ligg 6 180 over planlagt nivå. Det er innan vaksenpsykiatri at talet ligg over planen. Innan barne- og ungdomspsykiatri ligg ein 3,5 % under budsjettet. Dette skuldast at ein av postane har hatt så ressurskrevjande pasientar at berre 4 av 6 plassar har vore i bruk. Talet på dagopphald for vaksne ligg 10 % over budsjettet. Innan barne- og ungdomspsykiatri ligg aktiviteten målt i dagopphald pr. juli ca. 32 % under planlagt nivå. Dette skuldast m.a. vakansar og sjukdom hjå dei pasientane som har dagopphald. På polikliniske konsultasjonar ligg Helse Bergen 18,3 % under budsjett innan vaksenpsykiatri og 6,1 % under budsjett innan barne- og ungdomspsykiatri. Her er det ei betring på 2,4 prosentpoeng i høve til mai. Sjølv om noko av avviket skuldast vakansar, er hovudforklaringa at ein spesielt i vaksenpsykiatrien enno ikkje har fått til den sterke produktivitsveksten som føresett i budsjettet.

2.5 Helse Førde HF

2.5.1 Resultat

Samandragsrapport pr.:

JULI 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling 1)	Budsjett	%-fordeling 1)	Rekneskap	%-fordeling 1)	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	51 764	6,6 %	52 797	6,7 %	53 567	7,2 %	90 627	90 627	0
ISF	232 688	29,7 %	240 117	30,3 %	143 275	19,2 %	417 362	419 092	-1 730
Rammetilskot	470 477	60,0 %	468 502	59,0 %	522 852	70,0 %	804 390	802 230	2 160
Andre inntekter	28 556	3,6 %	32 060	4,0 %	27 252	3,6 %	52 347	54 907	-2 560
Sum driftsinntekter	783 485	100,0 %	793 477	100,0 %	746 946	100,0 %	1 364 726	1 366 856	-2 130
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	108 587	13,9 %	109 017	13,7 %	147 831	19,8 %	183 082	183 081	1
Løns- og personalkostnader	541 546	69,1 %	508 430	64,1 %	491 941	65,9 %	940 879	929 912	10 967
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	148 982	19,0 %	153 032	19,3 %	119 769	16,0 %	262 994	267 600	-4 606
Sum driftsutgifter	799 115	102,0 %	770 479	97,1 %	759 542	101,7 %	1 386 955	1 380 593	6 362
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-15 630	-2,0 %	22 998	2,9 %	-12 595	-1,7 %	-22 229	-13 738	-8 491
Netto finans	-1 187		-1 458		-718		-2 100	-2 500	400
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-16 817		21 540		-13 314	0	-24 329	-16 238	-8 091
- Meiravskrivning	39 667		39 667		39 667		68 000	68 000	0
Resultat	-56 483	0	-18 127	0	-52 980	0	-92 329	-84 238	-8 091

1) Inntektsfordeling i % av totale driftsinntekter

2) Kostnader i % av driftsinntekter. Tallet gir et uttrykk for relativ kostnadsbruk i forhold omsetningen (kostnadseffektivitet)

Helse Førde har pr. juli eit negativt resultatavvik mot budsjett på kr 38,4 mill. Driftsinntektene har eit negativt avvik på kr 10 mill (1,3 %) medan driftskostnadene er kr 28,6 mill (3,7 %) høgare enn budsjettet. På inntektssida ligg det største avviket i kroner på ISF-inntektene som er kr 7,4 mill lågare enn budsjettet. Samla ligg Helse Førde no 522 poeng bak målalet. Under andre inntekter er det registrert

meir-inntekter på psykiatri gjestepasientar på kr 3 mill, men samstundes er det bortfall av inntekter frå legevaktordninga ved Nordfjord samt mindre sal av blodprodukt. Samla er det eit negativt avvik på andre inntekter på kr 3,5 mill.

Meirforbruket på kostnadene har auka frå kr 19 mill førre månad til kr 28,6 mill pr. juli. Auken skuldast at løn er periodisert annleis i budsjettet enn det som kjem fram i rekneskapen. Dette vil regulere seg etter august. Varekost og innleie av medisinsk personell frå firma viser eit akkumulert overforbruk på ca. kr 3 mill. Meirforbruket her blir likevel nøytralisert av mindreforbruk på kjøp av private helsetenester.

I prognosen er løn oppjustert med kr 11 mill. Dette skuldast at planlagde tiltak ikkje let seg fullt ut realisera i 2005. Dette gjeld i første rekke strukturelle tiltak som krev ombygging. Grunna tidkrevjande anbudsprosessar har dette tatt lenger tid enn føresett. Tiltaka er likevel sett i verk slik at ein ventar at innsparingseffektane kan begynna å visa igjen utover hausten i år og i 2006. Andre driftskostnader viser pr. juli eit mindreforbruk på kr 2,7 mill. Tendensen har vore eit mindreforbruk gjennom heile første halvår. Helse Førde har difor justert ned vareforbruket i prognosen slik at ein her kjem ut med eit positivt avvik på kr 4,6 mill. På inntektssida er det i prognosen tatt omsyn til at Helse Vest skal bidra med kr 2,1 mill til nærsjukehuset i Florø. I tillegg er det budsjettert med kr 5,5 mill i meirinntekter på gjestepasientar innan psykisk helsevern. Andre driftsinntekter er redusert med kr 2,5 mill og ISF-inntektene er nedjustert med kr 1,7 mill. Samla er det i prognosen lagt opp til kr 2,1 mill i mindreinntekter.

2.5.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	11 524	11 856	-332	11 856	20 286	20 286	0
Dagkirurgi/dagbeh.	4 431	3 819	612	3 819	7 700	7 028	672
DRG-poeng	12 368	12 890	-522	12 344	22 138	22 500	-362
Pol. konsultasjonar	56 727	55 614	1 113	19 021	96 829	94 829	2 000
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	19 690	17 524	2 166	18 610	31 660	30 460	1 200
Opphaldsdagar, dagpasientar	422	645	-223	646	622	1 080	-458
Pol. konsultasjonar	17 195	13 950	3 245	13 319	27 850	24 400	3 450

I juli hadde Helse Førde ein betre produksjon enn det som var føresett i måltala. Samla ligg føretaket no 522 DRG-poeng bak måltalet innan somatikk. Meir enn heile avviket kan først tilbake til lågare produksjon innan kirurgisk klinikk, primært ortopedi. Tilførselen av ortopedi pasientar frå heile Helse Vest området ligg framleis langt etter målsettinga. Poliklinisk aktivitet for somatisk område ligg om lag 1100 konsultasjonar føre måltalet, på same måte som ein framleis har ein aukande andel dagbehandling. Psykisk helsevern har god produksjon, og ligg godt føre måltala.

2.6 Apoteka Vest HF

Samandragrapport pr.: JULI 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	263 401	100 %	247 856	100 %	239 934		446 677	437 677	9 000
Varekostnader	211 134	80,2 %	195 173	78,7 %	191 670	79,9 %	358 646	344 646	14 000
Løns- og personalkostnader	39 510	15,0 %	41 222	16,6 %	36 174	15,1 %	73 438	72 438	1 000
Andre driftskostnader	11 679	4,4 %	12 159	4,9 %	9 591	4,0 %	20 843	20 843	0
Sum driftsutgifter	262 323	99,6 %	248 554	100,3 %	237 435	99,0 %	452 927	437 927	15 000
Driftsresultat	1 078		-698		2 499		-6 250	-250	-6 000
Netto finans	288		146		234		250	250	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	1 366		-552		2 733		-6 000	0	-6 000

Apoteka Vest har pr. juli eit positivt resultatavvik på kr 1,9 mill. Inntektene er kr 15,5 mill høgare enn budsjettet (6,3%). Kostnadene er kr 13,8 mill høgare enn budsjett (5,5%) og det er varekostnadene som utgjer avviket. Apoteka Vest innførte frå nyttår av ein ny prisingsmodell. Varekostnadene er høgare enn inntektsauken som følgje av denne nye prisingsmodellen. Det positive avviket pr. juli skuldast lågare løns- og personalkostnader (kr 1,7 mill) og lågare driftskostnader (kr 0,5 mill) enn budsjettet.

Prognosen for året viser eit resultat på minus kr 6 mill. Denne bygger på ei ekstrapolering av utviklinga i varekostnaden pr. juli. Avtalen med helseføretaka opna for nye forhandlingar etter 1. tertial i år men det er førebels uklart om desse forhandlingane vil kunne bidra til å redusere avviket. Inntektene i prognosen byggjer på eit konservativt anslag der ein tar høgde for at forhandlingane med helseføretaka om justeringar av prisingsmodellen ikkje fører fram.

2.7 Kjøp av helsetenester

Samandragrapport pr.: JULI 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	400 667	5,6 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	2 359 874	33,1 %	2 363 864	34,7 %	4 053 474	4 053 474	0
Rammetilskot	4 361 894	61,2 %	4 437 536	65,2 %	7 610 248	7 610 248	0
Andre inntekter	0	0,0 %	2 107	0,0 %	3 613	3 613	0
Sum driftsinntekter	7 122 435	100,0 %	6 803 507	100,0 %	11 667 335	11 667 335	0
Varekostnader	6 961 084	97,7 %	6 569 932	96,6 %	11 241 038	11 241 038	0
Løns- og personalkostnader	278	0,0 %	162	0,0 %	278	278	0
Andre driftskostnader	135 356	1,9 %	194 276	2,9 %	263 903	263 903	0
Sum driftsutgifter	7 096 718	99,6 %	6 764 370	99,4 %	11 505 219	11 505 219	0
Driftsresultat	25 717		39 137		162 116	162 116	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	25 717		39 137		162 116	162 116	0

Resultatet for kjøp av helsetenester viser pr. juli eit negativt avvik på kr 13,4 mill. Hovudårsaka til dette avviket ligg i auka kostnader til kjøp av gjesteplassar innan rusbehandling, kor kostnadene pr. juli viser eit negativt avvik på kr 11,7 mill. I tillegg har det vore auke i kostnadene knytt til utanlandsbehandling som pr. juli utgjer kr 4,7 mill. Det er elles både positive og negative avvik på dei andre kostnadspostane og samla sett utgjer desse et positivt avvik på kr 3 mill.

Vi viser elles til sak 74/05 B Revidert budsjett 2005 og oppdaterte resultatkrav kor det er gjort nærare greie for resultatet for kjøp av helsetenester i 2005.

2.8 Helse Vest administrasjon


REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	11	0	11	0	0	0
Varekostnader	2 899	0	2 899	0	0	0
Løns- og personalkostnader	13 079	14 830	-1 751	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	14 467	22 734	-8 267	39 079	39 079	0
Sum driftsutgifter	30 445	37 564	-7 119	65 116	65 116	0
Driftsresultat	-30 434	-37 564	7 130	-65 116	-65 116	0
Netto finans	2 820	0	2 820	0	0	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-27 614	-37 564	9 950	-65 116	-65 116	0


Helse Vest administrasjon har eit positivt avvik på kr 10 mill pr. juli. Hovudårsaka til det positive avviket er knytt til kjøp av konsulenttenester som er periodisert likt gjennom året, men kor fleire av prosjekta som skal gjennomførast i 2005 ikkje har kome fullt i gang enno. Helse Vest opprettheld framleis ein prognose lik budsjett.

3 LIKVIDITET

Helse Vest har som følge av underskota tidlegare år samt betaling av KLP reguleringspremiar opparbeida seg negativ likviditet. Denne har forverra seg gjennom året og viser ved utgangen av juli eit overtrekk på kr 848 mill (ca kr 25 mill verre enn budsjett). Likviditetsutviklinga er illustrert i diagrammet under. I tillegg er det lagt inn ein graf som viser budsjettert overtrekk for kvar månad.



Helseføretaka skal i løpet av september betale inn reguleringspremie til KLP og ein vil derfor ha behov for å nytte trekkramma på kr 1,1 mrd fullt ut, jfr. grafen under som viser prognosen.




Dette er ein særleg krevjande situasjon då prognosen er usikker. I tillegg vil det vere svingingar innafor ein periode som gjer at likviditetsbehovet kan vere høgare enn det som kjem fram av kurva. Helse Vest har no på nytt søkt Helse- og omsorgsdepartementet om å få utvida driftskredittramma til kr 1,4 mrd.

4 UTVIKLING I MÅNADSVERK OG SJUKEFRÅVÆR

4.1 Sjukefråvær

Grafen under viser utviklinga i sjukefråværet




Det har frå og med 2004 blitt arbeida målretta med å redusere sjukefråværet i føretaka. Ser ein på utviklinga gjennom 2004 og fram til juni 2005 viser denne i det alt vesentlege ein reduksjon i


sjukefråværet. Det er periodiske svingingar og då spesielt i Helse Førde, men om ein eliminerar dei største svingingane viser utviklinga også her ein nedgang. Sjukefråværet i juli spriker meir enn dei andre månadene. Det er særleg Helse Fonna som har eit høgt tal på sjukefråvær. Dei meiner at dette skuldast reknetekniske forhold og at denne ikkje er reell. Helse Fonna ventar derfor at sjukefråværet er nede på eit normalt nivå igjen i august. For å oppretthalde den positive utviklinga vil det være nødvendig å jobbe systematisk òg i 2005.

Sjukefråværet i Helse Førde varierer relativt mykje i dei enkelte periodane. Helse Førde forklarar dette med at fråværet blir registrert når sjukemeldingsblankettane når personalkontoret og at ein ikkje har ein fastsett dato for når ein månad skal vere ferdig registrert. Dette medfører relativt store svingingar frå den eine månaden til den andre.

4.2 Månadsverk



Utviklinga i månadsverk ved Helse Bergen viser eit relativt stabilt tal med ein liten nedgang frå byrjinga av året og fram til juli. Helse Stavanger har ein auke i talet på månadsverk frå juli 2004 til juli 2005 på 160 månadsverk.



Helse Fonna har dei siste månadene vist ei auke i månadsverk og ligg 53 månadsverk over juli månad i fjor. Dei har ein reduksjon i månadsverk på 49 sidan januar 2004. Utviklinga siste månadene er bekymringsfull sett i høve til den resultatutfordringa føretaket har. Helse Førde har òg ein auke i månadsverk i juli månad. Veksten i månadsverk frå april til mai skuldast at dei har overtatt ansvaret for drift av ambulansetenesta. Dette utgjør ein permanent vekst i månadsverk på 125.

Datakvaliteten innan personaldata er framleis ikkje tilfredsstillande. Tala er framleis usikre, og dette skuldast mellom anna at det er ulik registreringspraksis i dei enkelte helseføretaka. I samband med implementering av nytt datavarehus vil det være heilt nødvendig å gå igjennom og kvalitetssikre at helseføretaka har ein lik praksis knytt til registrering av data samt sikre at dei nyttar like definisjonar på det som skal rapporterast.

Forslag til vedtak

1. Styret tar økonomirapport pr. 31.7.2005 til etterretning.
2. Helseføretaka må innan neste rapporteringsdato legge fram tiltak for å nå eit resultat i tråd med budsjett i 2005.
3. Styret ber om at HF'a har ein spesiell fokus på varekostnader og variable lønskostnader. Avvika der må analyserast med tanke på å komme fram til tiltak for å korrigere avvika mest mogleg.